



Arkivnr: 2016/5778-20
Saksbehandlar: Gunhild Raddum

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel | | 16.01.2019 |

Fråvikssøknad. Reguleringsplan for gnr. 216 bnr.119 Eidsvåg skole - Bergen kommune

Samandrag

Det vert vist til brev frå Statens vegvesen datert 16.11.2018, sjå vedlegg. Eidsvåg barneskole skal utvidast, og det skal etablerast ny idrettshall og midlertidig skole. Statens vegvesen si fråviksgruppe har vurdert søknad om fråvik frå krav til linjeføring i kryss, handbok *N100 Veg og gateutforming*. Krysset er mellom den kommunale vegen Granlien og fv 267 Eidsvågvegen i Bergen. Fråviksgruppa anbefalar ikkje å fråvike kravet.

Ei utbetring av krysset i tråd med krava i vegnormalane krev større inngrep på fylkesvegen. Dette er uheldig med tanke på det pågåande reguleringsarbeidet i Eidsvågvegen for å utbetre tilbudet for dei som går og sykklar, (arealplan-ID 643800). Av omsyn til dagens standard i krysset og det pågåande reguleringsarbeidet for Eidsvågvegen vurderer fylkesrådmannen fråvik frå vegnormalane som hensiktsmessig. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane i handbok N100 når det gjeld skal – krav.

Økonomi: Ei kryssløysing som oppfyller krava i handbok N100 vil medføre store økonomiske konsekvensar, både for fylkeskommunen og Bergen kommune.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Krysset er trafikkfarleg i dag, og utbetringa som ligg i reguleringsplanen for Eidsvåg skole vil gi tryggare skoleveg.

Regional planstrategi: Trygging av tilhøva for skoleelevar er i tråd med regionale strategiar og retningslinjer.

Forslag til vedtak

Miljø- og samferdselsutvalet ser det som viktig å auke trafikktryggleiken i krysset mellom Granlien og fv 267, og vedtek fråvik frå krav til linjeføring i handbok N100 for å betre trafikktilhøva så raskt som mogleg. Permanent kryssløysing vert handtert i eigen reguleringsplan for utbetring av tilbudet for gåande og syklande i fv 267 Eidsvågvegen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Brev frå Statens vegvesen datert 16.11.2018
2. Fråviksgruppa sin vurdering
3. Brev til fråviksgruppa frå Statens vegvesen

Fylkesrådmannen, 17.12.2018

Bakgrunn for saka

For fylkesvegar er fylkeskommunen vegstyresmakt etter § 9 i Vegloven – forskrift om anlegg av offentleg veg av 29.03. 2007. Fråvik frå vegnormalene består av kan-, bør- og skal- krav. Ved fråvikshandsaming vert det nytta standardiserte skjema der det skal dokumenterast kva handbok det vert søkt om fråvik frå, med grunngjeving, konsekvensar av fråvik og forslag til avbøtande tiltak. Statens vegvesen har i kvar region etablert ein fråviksgruppe som handsamer fråvikssøknadane og kjem med tilråding til rett vegstyresmakt.

Alle søknader om fråvik for fylkesveg skal gå via Statens vegvesen og handsaming i fråviksgruppa. Fråvik frå skal- krava vert sendt vidare til Hordaland fylkeskommune for politisk handsaming, etter at fråviksgruppa har gitt si tilråding. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane når det gjeld «skal – krav».


Statens vegvesen har fått fullmakt til å fatte avgjerd i bør- krav.

Fråviksøknaden –linjeføring i T – kryss

I reguleringsplan for opprusting av Eidsvåg skole, ny idrettshall og midlertidig skole i Eidsvåg er det lagt opp til ein utbetring av krysset som vil betre trafikktryggleiken og tilkomst til skoleområdet. Det er stilt rekkjefølgjekrav til oppgradering av den kommunale vegen Granlien. Denne vegen har kryssløysing til fv 267 Eidsvågvegen. Granlien er smal og bratt, og krysset har ein utforming i dag som ligg langt frå å tilfredstille krava i handbok N100.



I planen er krysset Eidsvågveien /Granlien flytta litt mot vest og gitt ein betre vinkel mot Eidsvågveien. Det vert søkt om fråvik frå linjeføringa i krysset mot fylkesvegen. Krav i vegnormalen er at vinkelen ikkje skal vere under 70°. Krysset har i dag ein vinkel på 53°, og dette gir ugunstige siktilhøve. I prosjektert løysing får T-krysset ein horisontal radius R30 inn i krysset, og det gir ein vinkel på 71°. Ettersom horisontalkurva går gjennom nesten heile T-krysset vil denne vinkelen opplevast noko kunstig og i realiteten tilsei at vinkelen er under 70°. Sjølv om løysinga det er lagt opp til i reguleringsplanen vil betre situasjonen og linjeføringa gjennom krysset, vil Statens vegvesen si fråviksgruppe likevel ikkje rå til fråvik i saka grunna stort fall inn mot krysset og trafikksituasjonen når det kjem fleire barn til området.



Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen vil ikkje anbefale å ta fråviksgruppa si anbefaling til følge. Det er mogleg å tilfredstille krava i vegnormalane ved at Granliven vert senka. Fylkesvegen må då flyttast eller leggast om ut for å møte den nye linjeføringa for Granliven. Dette vil påføre prosjektet urimelege kostnader for både fylkeskommunen og Bergen kommune, og fylkesrådmannen er uroa for at ein slik løysing ikkje vert gjennomført grunna stort finansieringsbehov. Vidare er det for fylkeskommunen svært uheldig å etablere ein ressurskrevjande kryssløysing utan at den inngår i ein heilskapleg vurdering av permanente vegutbetringar. Statens

vegvesen vil om kort tid sende på høyring reguleringsplan for utbetring av tilbodet for gåande og syklande i Eidsvågveien. I denne planen vert det ein total vurdering av tilbodet for mjuke trafikantar der utbetringane inngår i ein større samanheng. Krysset mellom Granlien og Eidsvågveien inngår i denne planen.

Fylkesrådmannen ser det som viktig å forbetre trafikktilhøva i området kring Eidsvåg skole, og utbetring av krysset slik det vert lagt opp til i samband reguleringsplan for Eidsvåg skole, idrettsanlegg og midlertidig skole vil betre trafikktilhøva på eit avgrensa område. For elevar og brukarar av idrettsbanen utgjør dette krysset berre ein del av vegtilkomsten til skoleområdet, mens det er viktig å trygge trafikktilhøva i Eidsvågveien totalt sett. Reguleringsplanen som snart kjem på høyring skal sikre meir heilskaplege løysingar.